



FOLKORG

# ÅRSMELDING

2019

**FOLK** Organisasjon for  
folkemusikk og  
**ORG** folkedans

**Foto framside:** Runhild Heggem

**Foto bakside:** Årets folkemusikkfotografi av Knut Utler

**Fotografer:** Runhild Heggem, Thomas Westling, Knut Utler, Thor Hauknes, Tinndølan, Reed foto, FolkOrg

**Formgjeving:** Anbjørg Myhra Bergwitz

**Post- og besøksadresse:**

FolkOrg  
Møllergata 39  
0179 Oslo

**Nett:** [www.folkorg.no](http://www.folkorg.no)  
**E-post:** [post@folkorg.no](mailto:post@folkorg.no)  
**Tlf.:** 22 00 56 22



# INNHOOLD

**4** Om FolkOrg

**8** Vurdering av måloppnåing

**14** Særskilde satsningar for 2017-2019

**18** Organisasjonens arbeidsfelt i meldingsåret

**18** Kulturpolitisk arbeid

**20** Lagsutvikling

**21** Tilskotsordningar

**22** Arrangørutvikling

**24** Utøvarutvikling

**25** Kappleikar og festivalar

**30** Informasjon

**33** Vedlegg

# OM FOLKORG

## STYRET OG ARBEIDSUTVALET

### Styret fram til landsmøtet 2019:

Hilde Reitan (styreleiar)  
Camilla Granlien (nestleiar)  
Helene Myklemyr Bolstad (nestleiar)  
Thor Hauknes (styremedlem)  
Kjellbjørn Karsrud (styremedlem)  
Kristian Ihle Hanto (styremedlem)  
Silje Solberg (styremedlem)  
Thomas Nilssen (1. varamedlem)  
Helene Høye (2. varamedlem)  
Ole Erik Feragen (3. varamedlem)

### Styret etter landsmøtet 2019:

Hilde Reitan (styreleiar)  
Camilla Granlien (nestleiar)  
Thor Hauknes (nestleiar)  
Thomas Nilssen (styremedlem)  
Kjellbjørn Karsrud (styremedlem)  
Kristian Ihle Hanto (styremedlem)  
Silje Solberg (styremedlem)  
Ole Erik Feragen (1. varamedlem)  
Helene Høye (2. varamedlem)  
Elin Pehrson Grytting (3. varamedlem)



I meldingsperioden har styret hatt seks møte, to av dei var todagarsmøte, og eitt var i samband med landsmøtet. På møta har styret handsama 81 saker. I tillegg til dei faste medlemmene har første varamedlem vore innkalla fast til alle møte.

I meldingsåret har styret hatt ulike representasjonsoppgåver, til dømes på Landskappleiken, Landsfestivalen, årsmøte i områdelag og på høyringar, møte med politikarar og andre relevante møte. Styremedlemmer har elles vore på vitjing til heidersmedlemmer som har fylt rundt år.

Styret eller administrasjonen har vore til stades på årsmøta i seks av ti områdelag.

### Arbeidsutvalet (AU) i organisasjonen har i meldingsåret vore:

Hilde Reitan, Camilla Granlien og Helene Myklemyr Bolstad fram til landsmøtet 2019. Etter landsmøtet tok Thor Hauknes over etter Helene Myklemyr Bolstad.

Dagleg leiar har vore sekretær. AU har i meldingsperioden hatt to møte. Stadig fleire saker blir drøfta med AU per e-post.

**Fagutval for yrkesutøvarar har i meldingsåret vore:**

Fram til landsmøtet: Ole Nilssen, Britt Pernille Frøholm og Ingebjørg Longvik Reinholdt. Etter landsmøtet tok Martin Myhr over for Ole Nilssen.

Fagutvalet har hatt eitt fysisk møte før landsmøtet og har elles vore tilgjengeleg for administrasjonen.

**Referansegruppe for nettverket for folkemusikkarrangørar**

Frå Folkelarm 2018 vart Ellen Persvold frå Jørn Hilme-stemnet, Per Idar Almås frå Førdefestivalen og Ranveig Aas frå TrondheimFOLK valde som ny referansegruppe. Desse vart attvalde under Folkelarm 2019.

**MEDLEMSKAP/MEDLEMSLAG****Medlemstal**

FolkOrg hadde 4370 medlemmer pr. 31.12.2019. Det er 76 færre enn i 2018. Av desse var det 628 born/ungdommar (t.o.m. 18 år). Det er ein oppgang på fem born/ungdommar. Det vil seie at det totale talet på medlemmer har gått ned, medan talet på ungdommar har gått opp. 2019 var det første året vi nytta elektronisk fakturering på medlemskontingent, og vi veit at ein del ikkje har betalt på grunn av det. Sjå meir om utviklinga under måloppnåing.

**Medlemslag**

Pr. 31.12.2019 hadde FolkOrg:

- 144 lokale medlemslag, det er ein oppgang på eitt medlemslag.
- 10 områdelag, som i 2018.

**Medlemskap i andre organisasjonar:**

FolkOrg er medlem i:

- Norsk musikkråd

- Frivillighet Norge
- Kulturalliansen
- Musikkindustriens Næringsråd
- Balansekunst

Landskappleiken og Landsfestivalen er medlemmer i Norske festivaler. Folkelarm er medlem i Norske Konsertarrangørar.

FolkOrg er medstiftar av:

- Telemarkfestivalen
- Førdefestivalen
- Den Norske Folkemusikkveka
- Hilmar Alexandersens Folkemusikkfestival
- Etnisk Musikkklubb (medstiftar og deleigar)
- Musikkutstysrordningen
- Stiftinga Riksscene for nasjonal og internasjonal folkemusikk, joik og folkedans
- Kulturalliansen

**HEIDERSMEDLEMSKAP****Sondre Bratland og Ola Grøslund**

vart utnemnde til heidersmedlemmer i FolkOrg under Landskappleiken i Vågå. Pr. 31.12.2019 har vi 39 heidersmedlemmer i FolkOrg.

Følgjande heidersmedlemmer gjekk diverre bort i 2019: Peder Gullikstad og Olav Øyland.

## ØKONOMI OG REKNESKAP

Rekneskapan for 2019 ligg ved årsmeldinga, med meir detaljerte kommentarar. Rekneskapan for 2019 syner eit overskot på kr 226 447 samanlikna med budsjett. Vi legg stor vekt på kostnadskontroll; det har bidrege til det positive resultatet.

Dessutan arbeider vi aktivt for å finne alternative finansieringskjelder til beste for medlemmene. Finansiering via private gjevarar, som til dømes Dextra Musica, løyser ut gåveforsterkingsmidlar frå Kulturdepartementet.

## ADMINISTRASJON

Administrasjonen heldt til i eit kontorlokale i Trondheimsveien 2, bygg J, fram til oktober 2019. Då flytta vi saman med dei fleste av dei sentrale musikkorganisasjonane vi hadde kontorfellesskap med der, til lokale i Møllergata 39.

Tilsette i meldingsåret har vore:

Linda Dyrnes	Dagleg leiar
Jorun Hagen	Kontormedarbeidar
Audun Stokke Hole	Redaktør i bladet Folkemusikk
Liv Annette Nygjerdet	Informasjonsrådgjevar
Øyvind Sandum	Rådgjevar med ansvar for lokallag og arrangørar, fram til 31.07.19
Ingrid Schei Stuhaug	Rådgjevar for Landskappleiken, Landsfestivalen og lokalkappleikar. Permisjon frå 31.07.19
John Stenersen	Rådgjevar med ansvar for utøvarutvikling og prosjektleiar for Folkelarm
Solfrid Gjeldokk	Rådgjevar med ansvar for lokallag, arrangørar og meisterkonsert frå september 2019.
Sina Myhr	Rådgjevar for Landskappleiken, Landsfestivalen og lokalkappleikar og rekrutteringsprosjekt, vikar for Ingrid S. Stuhaug frå september 2019.

I tillegg har vi tilsett Marta Lindvik i mindre engasjement delar av året, og Anne Nilssen i 40 % stilling frå august og ut året.

I administrasjonen var det til saman sju faste årsverk. Dessutan har vi til saman 0,4 årsverk som kan brukast til å leige inn ekstrahjelp og konsulentar når det trengst.

Administrasjonen har i tillegg til det som er nemnt i langtidsplanen, sjølvstilt ei rekke andre oppgåver som tek mykje tid, men som

ikkje alltid er like synlege. Døme på det er fakturering, økonomioppfølging, oppdatering av medlemssystem, personaloppfølging, sakshandsaming og møteførebuingar, forsikringar, abonnementsoppfølging, rapporteringar, jamleg oppdatering av nettsider, svar på ulike førespurnader og andre oppgåver som er naudsynte når ein driv ein arbeidsplass.



# VURDERING AV MÅLOPPNÅING


Måla som er sette i langtidsplanen til FolkOrg, er ikkje alle like enkle å måle. Det er målsettingar som er langsiktige, og som ikkje er av ein slik art at vi kan seie at vi no har oppnådd dei. Det kan vere ei utfordring å finne målemetodar som er objektive, samstundes som dei gjev oss informasjon som er av verdi. Vi har ikkje prioritert å bruke mykje tid på å gjennomføre større undersøkingar, men har valt nokre metodar som kan gje ein indikasjon. I tillegg til konkrete tal vil nokre mål òg bli vurderte kvalitativt.

## FOLKEMUSIKK- OG DANSETRADISJONANE I NOREG STÅR STERKT

### Indikatorar på oppnåing av målet:


- Det er attraktivt å utøve, formidle og undervise i folkemusikk og -dans.
- Det er attraktivt å arrangere kappleikar, kurs, konsertar og dansefestar.
- Det er attraktivt å delta på arrangement og kappleikar.

### Målemetodar




**Deltaking på Landsfestivalen i gammaldansmusikk**

■ Deltakarar ■ Innslag




**Økonomisk resultat - Landsfestivalen i gammaldansmusikk**




**Musikkens studieforbund**

■ Tal på studietimar i lokallag hos FolkOrg




**Musikkens studieforbund**

■ Tilskot til lokallag i FolkOrg




**Frifond organisasjon**

■ Tal på søknader frå lokallag i FolkOrg




**Frifond organisasjon**

■ Tilsegnssum fra Norsk musikkråd til fordeling i lokallag i FolkOrg




Tal på søknader – Rekrutteringsstønad frå FolkOrg




\*) Frå 2015 er det berre éin søknadsrunde for FolkOrgs rekrutteringsstønadsordning

Tal på søknader – Momskompensasjon



Søklarar til INTRO-folk




### Oppsummert for målet «Folkemusikk- og dansetradisjonane i Noreg står sterkt»:

Ut frå dei indikatorane vi nyttar, så er det ein god og stabil aktivitet innanfor folkemusikksjangeren i Noreg. Deltakinga på Landskappleiken aukar. På Landsfestivalen i gammaldansmusikk kan vi sjå litt meir variasjon ut frå tidspunkt og plassering av arrangementet, men også det har hatt ei god utvikling. Begge arrangementa har ein god økonomi.

Vi har indikasjonar på aktiviteten i laga våre ut frå søknader og tilsegner frå Frifond, Musikkens

Billettsal Folkelarm



studieforbund og vår eiga rekrutteringsordning. Tilsvarande har vi frå talet på søknader om momskompensasjon. Talet på søklarar til og tilskot frå Musikkens studieforbund har auka, men vi ser gjerne at endå fleire av laga våre søker her. Det er også for få av laga våre som søker momskompensasjon. Når det gjeld det profesjonelle feltet, ser vi at Folkelarm har etablert seg som eit stabilt og populært arrangement. Det er gledeleg å sjå at billettsalet er såpass høgt sjølv når det ikkje er meisterkonsert i operaen.


## FOLKEMUSIKKEN OG -DANSEN I NOREG ER KJEND OG SYNLEG NASJONALT OG INTERNASJONALT

### Indikatorar på oppnåing av målet:

- Auka interesse for og kunnskap om folkemusikk og -dans
- Auka omtale og bruk av folkemusikk og -dans

### Målemetode

Tal på abonnentar av bladet Folkemusikk




## FOLKORG ER EIN VIKTIG RESSURS PÅ FOLKEMUSIKK- OG FOLKEDANSFELTET.

### Indikatorar på oppnåing av målet:

- Vi skal nytte og synleggjere kompetansen og erfaringa til medlemmene
- Det er attraktivt å vere medlem i FolkOrg.
- FolkOrg er ein tydeleg og synleg kulturpolitisk aktør
- FolkOrg er ein attraktiv samarbeidspartnar.


### Målemetodar

Tal på medlemmer totalt




Tal på medlemmer

■ Born/unge ■ Yrkesutøvarar



\*) Registreringa av yrkesutøvarar hadde ikkje byrja



### Kvalitative vurderingar:

- Medlemmer vart nytta til seminar på Folkelarm.
- På alle dei store arrangementa våre får medlemmene syne kompetansen sin i folkemusikk og -dans.
- Vi har vore i dialog med fleire medlemmer for å få deira syn på ulike saker.
- Vi har vore aktive i å markere oss overfor politikarar gjennom møte, høyringar – både skriftlege og munnlege – og gjennom annan direkte kontakt. Vi har hatt møte med kulturminister Trine Skei Grande. Statssekretær Frida Blomgren opna Landskappleiken i Vågå. Både familie- og kulturkomiteen og politisk leiing i Kulturdepartementet er godt kjende med FolkOrg.
- Vi er med i ei rekke samarbeidsforum og samarbeidsprosjekt både innanfor og utanfor folkemusikkmiljøet. Døme på det er Arrangørforum, samrådsmøte for folkedans, folkemusikksenter, Frivillighet Norge, Norsk musikkråd, Kulturalliansen, Samspill, Møst, Musikkindustriens næringsråd og Balansekunst.
- Vi arrangerte kulturdag under Arendalsuka i samarbeid med Arrangørforum, Balansekunst, Musikkutstysordninga, Norges museumsforbund, Kulturalliansen og Kunstnernettverket. Vi hadde debattar, foredrag og konsertar. Det var konsertforedrag om setesdalskulturen, der Sigrid K. Jore sang, og i Bakgården var det konsert med Annbjørg Lien og Bjørn Ole Rasch.
- Vi var medarrangør då Arrangørforum, Creo, Balansekunst og Norges museumsforbund arrangerte debatt om kulturbudsjettet to dagar etter at det vart lagt fram.
- FolkOrg har hatt ein nedgang på 76 medlemmer samanlikna med 2018. Talet på born og unge har auka med fem, så det er hos dei vaksne talet har gått ned. 2019 var det første året vi sende ut faktura elektronisk, og det var nok ein stor overgang for ein del av medlemsmassen. Vi trur det har verka inn på talet på betalande medlemmer, og håpar at det går seg til i 2020.
- Vi har ein auke på 86 medlemmer samanlikna med 2017. Det er 17 færre medlemmer under 18 år, noko som skil seg frå tendensen dei siste to åra, der talet på born og unge har auka. Det er for tidleg å seie om det er ein ny tendens.



# SÆRSKILDE SATSINGAR FOR PERIODEN 2017–2019

REKRUTTERING	INFO / SYNLEGHEIT / FORMIDLING
<ul style="list-style-type: none"> <li>FolkOrg skal ha ti godt fungerande rekrutteringsprosjekt i Noreg gjennom samarbeid med Dextra Musica.</li> <li>Vi skal utvide idébanken for samarbeid mellom lag og kulturskole.</li> </ul>	<p>INTERNT</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Vi vil betre kontakten mellom sentralledet og medlemmer, gjennom oppsøkjande verksemd og utvikling av eksisterande informasjonskanalar.</li> </ul> <p>EKSTERNT</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Vi skal jobbe for å få meir folkemusikk og folkedans i ulike medium.</li> <li>Vi skal arbeide for at folkemusikk og folkedans er ein naturleg del når norsk kultur blir presentert.</li> <li>Vi skal samarbeide med Noregs Ungdomslag (NU) og andre organisasjonar for å vidareutvikle Folkepedia.</li> </ul>
FOLKEDANS	DET PROFESJONELLE FELTET
<ul style="list-style-type: none"> <li>Vi skal samarbeide med Senter for folkemusikk og folkedans (SFF) og NU for å rekruttere fleire danseinstruktørar og synleggjere dei, og gjere eksisterande instruksjonsmateriell kjent.</li> <li>Vi skal samarbeide med laga om å få opp talet på dansefestar.</li> <li>Vi skal samarbeide med NU og SFF om å søkje tilskot frå Talent Norge til å etablere eit ungdomsdansekompani.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vi skal bidra til å utvikle nasjonalt og internasjonalt samarbeid og nettverk, for å skape ein større marknad for norske folkemusikarar og folkedansarar.</li> <li>Vi skal arbeide for at det skal utbetalast vederlag for bruk av tradisjonelt materiale gjennom TONO-systemet.</li> <li>Vi skal bidra til å utvide og styrke arrangørfeltet, for å få fleire folkemusikk- og folkedansarrangement.</li> </ul>

## OPPNÅING AV MÅL FOR DEI SÆRSKILDE SATSINGANE:

### Rekruttering

Dextra Musica har sidan 2017 gjeve FolkOrg økonomisk stønad til rekrutteringsarbeid. I 2019 kom det inn mange gode søknader til rekrutteringsprosjekt, og Dextra Musica gav oss difor 245 000 kr ekstra. FolkOrg kunne dermed gje tilskot til heile 15 ulike rekrutteringsprosjekt rundt om i

landet – tre fleire prosjekt enn i fjor.

Idébanken for samarbeid mellom kulturskular og lag er publisert. Vi skal nytte erfaringane frå rekrutteringsprosjekta inn i idébanken, slik at vi får fleire idear inn der.

### Info / synlegheit / formidling

Vi har vore til stades på fleire av kappleikane i regionane, og vi har vore representerte på årsmøta til områdelaga i Trøndelag, Møre og Romsdal, Hedmark, Gudbrandsdal, Hordaland og Telemark. Erfaringa er framleis at medlemmene lettare tek kontakt med FolkOrg-styret og administrasjonen når vi møter medlemmene fysisk på slike tilstellingar.

Gjennom arbeidet med Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk arbeider styret og administrasjonen tett med lokale arrangørar. Det er med på å betre kontakten.

Vi sender e-post med relevant informasjon direkte til tillitsvalde gjennom meldingssystemet i StyreWeb. Det gjev betre respons, men det er viktig at laga sender oppdatert kontaktinformasjon til oss, slik at lagsinformasjon kjem til rett person.

Etter at landsmøtet i 2019 vedtok ei fråsegn om NRK og folkemusikken og vi sende den til NRK, vart vi raskt inviterte til eit møte. Sidan det har vi fått ein veldig god dialog med sentrale personar i NRK, mellom anna kultureddaktøren og musikksjefen. På bakgrunn av det vitja kultureddaktør Marius Hoel og redaksjonssjef Aaste Kveseth Folkelarm for å kunne sjå nærare på noko av det som rører seg i vår sjanger. Vi har halde kontakten også i 2020. Styret og administrasjonen har elles hatt eit møte med produksjonsselskapet Fabelaktiv, der vi fekk meir kunnskap om prosessane kring det å selje inn programkonsept til mellom anna NRK.

I samband med at Noreg var fokusland under bokmessa i Frankfurt i 2019, fekk vi høve til å søkje pengar til eit prosjekt for å kunne fremme norsk folkemusikk og nokre folkemusikarar i Tyskland. Vi fekk tilskot til det, og i samarbeid med det tyske plateselskapet Nordic Notes fekk Eplemøya songlag og Raabygg reise på turné i Tyskland. Mellom anna deltok dei på musikkfestivalen Norsk i Frankfurt. Eplemøya songlag hadde også ein konsert i den norske paviljongen på bokmessa. Dei fekk god mottaking, og pressedekninga i Tyskland var god.

Når det gjeld Folkepedia-prosjektet, hadde vi lagt det på is etter sist landsmøte, men no er det eit initiativ frå Stiftinga Norsk senter for folkemusikk og folkedans som går ut på å utvikle noko liknande. Vi har hatt eit møte om det, og vi held fram med det arbeidet.

Vi oppdaterer stadig nettsidene våre og har eit mål om å samle informasjon frå FolkOrg og artiklar frå magasinet Folkemusikk på ein betre måte framover.

Vi har starta utviklinga av utøvar katalogen, som kjem til å få domenet [www.folkartist.no](http://www.folkartist.no). Det er ikkje klart kva tid denne nettsida er klar for publisering.

## Folkedans

Arbeidsfeltet folkedans omfattar deltaking i samrådsmøte for folkedans saman med mellom andre NU, SFF og dei ulike dansekompania. Målet til samrådsmøtet var i utgangspunktet å arbeide for å etablere eit ungdomskompani. Dette vart endra, og hovudsaka er no å arbeide for å etablere ei bachelorutdanning i scenisk folkedans. Samrådsmøtet for folkedans har også sendt inn ulike høyringsvar til læreplanar i grunnskulen og rammeplan for femårige lærarutdanningar i praktiske og etiske fag.

I 2019 valde styret å nytte gåveforsterkingsmidlar på 100 000 kr til ei stønadsordning til dansearrangement. Dette er ei vidareføring av ordninga som starta opp i 2018. Det kom inn 11 søknader totalt, og midlane vart fordelte mellom desse.

Arbeidet med utøvar katalogen folkartist.no er framleis under utarbeiding, og katalogen skal også innehalde ei oversikt over instruktørar.

## Det profesjonelle feltet

Gjennom deltaking på Womex, Nordic Folk Alliance, Bokmessa i Frankfurt og By:larm har vi jobba med det internasjonale nettverket vårt og diskutert ulike prosjekt. Både Showcase Scotland og English Folk Expo ønskjer å ha oss som partnar. Dette må vurderast ut frå marknadsvardi og kostnad. Mest aktuelt er nok Showcase Scotland i 2023.

Vi har gjennomført ein turné med norsk folkemusikk i Tyskland. Frå NORLA og Music Norway fekk vi støtte til ein turné med Eplemøya Songlag og Raabygg. Christian Pliefke i Nordic Notes organiserte turnéen. Vi fekk til seks konsertar, der hovudkonserten var laurdagen på bokmessa i Frankfurt.

Også på Folkelarm har vi eit delegatprogram med både norske og internasjonale delegatar. Det gjev oss gode kontaktar nasjonalt og internasjonalt. Vi arbeider heile tida for å finne dei beste internasjonale delegatane og for å få fleire norske delegatar utanfor kjernen av folkemusikkarrangørar til å kome på Folkelarm. Jaana Kari frå Folklandia, Annette Bellau frå CPH World, Araceli Tzigane frå Mapamundi Musica, Rasmus Steffensen frå CPH Alice og Fanø Free Folk Festival, Claus Nielsen frå CPH Jazz Festival, Aili Guttorm frå Márkomeannu, Jannec Cordt Sobkzyk og Nete Petersen frå Drauget var på Folkelarm for første gong i år.

Vi har ei arbeidsgruppe som jobbar med problemstillinga kring utbetaling av TONO-vederlag for bruk av tradisjonsmateriale. Medlemmene i gruppa er Tellef Kvifte, Åshild Vetrhus og Karl Seglem. Gruppa har hatt nokre møte og har bestilt ei juridisk utgreiing om problemstillingar kring TONO og tradisjonsmusikken. Det har vi gjort i samarbeid med Norsk musikkråd, Riksscenen, Noregs Ungdomslag og BUL Oslo. Arbeidet held fram i 2020.

Gjennom samarbeidet i Arrangørforum arbeider vi for å styrke arrangørfeltet. Vi held fram med statistikkinnhenting, og vi har henta inn tal for 2018.

Både under debatten vi arrangerte saman med Arrangørforum under Arendalsuka, og i samband med statsbudsjettet vart det lagt vekt på at ein må ta omsyn til arrangørane. Tilskotsordninga til arrangørar i Kulturfondet vart styrkt, men vi arbeider for ytterlegare styrking.



# ORGANISASJONENS ARBEIDSFELT I MELDINGSÅRET

## KULTURPOLITISK ARBEID

### Statsbudsjettet

Vi har levert innspel til statsbudsjettet. I innspela la vi vekt på desse sakene:

- Det er positivt med ein auke i momskompensasjon, men det er trong for at ordninga blir ein rett og ikkje er avhengig av statsbudsjett og talet på søkjarar. Det gjer ordninga meir føreseieleg.
- Tilskotsordning til inkludering og mangfold: Her har vi spelt inn at det er ein god intensjon, men at det er unødvendig byråkrati å opprette ei ny tilskotsordning for berre fem millionar kronar og i tillegg legge det til Kulturtanken, som ikkje er rigga for tilskotsordningar. Det hadde vore betre om desse pengane hadde vore gjevne til organisasjonane gjennom driftstilskotet.
- Det er positivt med ein auke i talet på kunstnarstipend (32 nye langtidsstipend og fem nye langtidsstipend), men talet på stipend til folkekunstnarar har stått stille på fem, trass i auken av profesjonelle folkemusikarar og folkedansarar.
- Vi er bekymra over realnedgang til Norsk kulturfond og har bedt om at:
  - o Tilskotsordningane for musikarar og musikkensembler må styrkast.
  - o Tilskotsordningane for musikkfestivalar og arrangørar må styrkast. Heilårsarrangøren må få auka midlar. Dei skapar gode konsertopplevingar i alle sjangrar i heile landet.
  - o Departementet må gå gjennom driftstilskotsordninga slik at ho blir tilpassa den røynda organisasjonane arbeider i, slik at ordninga blir styrkt og interesseorganisasjonane er sikra indeksregulering som eit minimum.
- Kuttet i kulturmidlar i Utanriksdepartementet må reverserast og potten aukast. Vi er dessutan bekymra for at det kan sjå ut til at ein felles strategi for Kulturdepartementet og Utanriksdepartementet når det gjeld kultureksport, fører til at kulturen blir fasa ut av Utanriksdepartementet.
- FolkOrg meiner det er positivt at regjeringa satsar på digitalisering og formidling av kulturarven, og reknar med at folkemusikkarkiva vil nytte godt av det.
- Vi meiner departementet må gå gjennom ordninga med fordeling av speloverskot og sjå meir prinsipielt på kva det er greitt å nytte speloverskotet til. Konkret meiner vi at kulturandelen berre må nyttast til den kulturelle grunnmuren som det lokale kulturlivet utgjer, og til dei rammene dei er avhengige av, mellom anna eigna lokale.
- Musikkutstyrsordninga er blitt sjangerfri, og då må det sikrast at ordninga blir styrkt med tilstrekkelege midlar.
- Kuttet i tilskot til studieforbunda på kr 10 millionar må reverserast.

I tillegg til å levere innspel var vi til stades og kom med innspel i budsjett høyringane i både familie- og kulturkomiteen og utanriks- og forsvarskomiteen i Stortinget. Vi arrangerte debatt om kulturbudsjettet i samarbeid med Arrangørforum, Creo, Norges museumsforbund og Balansekunst.

## Høyringar

Vi har sendt høyringsinnspel om desse sakene:

- Innspel til åndsverksloven § 114 om praksis kring utbetaling av Gramo-vederlag til artistar frå land som ikkje har ratifisert Roma-konvensjonen, særskilt aktuelt når det gjeld USA. Gramo si tolking av paragrafen har ført til at unødvendig mykje pengar er sende til amerikanske artistar – pengar som elles kunne kome norske artistar til gode gjennom FFUK. Innspelet vart sendt saman med Creo, Norsk Artistforbund, NORA, Norsk Tonekunstnersamfund, Norsk Viseforum, FONNO, tillitsvalde ved Oslo-Filharmonien, Norsk jazzforum og NODA. Vi fekk full tilslutning frå Stortinget, og praksis blir no endra.
- Innspel til rapporten frå Lied-utvalet om struktur og innhald i vidaregåande skule
- Kulturmeldinga
- Kunstnarmeldinga
- Etablering av eit musikkbruk etter modell av Scenekunstbruket, saman med Arrangørforum.
- Uttalelse om Nord-Norsk folkemusikksamling.
- I tillegg har vi sendt inn fråsegn om folkemusikkarkiva og om NRK, fråsegner som begge vart vedtekne på landsmøtet i FolkOrg i 2019.

## Anna kulturpolitisk arbeid

- Vi arrangerte kulturdag i Arendal saman med Arrangørforum, Kulturalliansen, Kunstnernettverket, Balansekunst, Musikkutstysrordningen og Norges museumsforbund. Vi hadde debattar, samtalar og kåseri.
- Vi har delteke på ei rekke møte av kulturpolitisk art i 2019. Desse har vore i regi av statlege verksemdar, politiske part og andre organisasjonar. Vi har både delteke med innlegg, vore med i panel og vore vanlege deltakarar på desse møta.
- Vi har hatt møte med kulturminister Trine Skei Grande om at vi har 100-årsjubileum i 2023, og at vi ønsker å søkje om at 2023 får status som folkemusikkens og folkedansens år.
- Vi arbeider for å få representantar frå folkemusikkmiljø inn i styre og utval der det er viktig å få fram vårt perspektiv.



## LAGSUTVIKLING

Det blir kontinuerleg sendt ut informasjon om aktuelle saker, hendingar og søknadsfristar til lokallag og områdelag i form av e-post, innlegg på Facebook og artiklar på heimesida. Det blir òg teke kontakt per telefon med ulike lokallag med aktuelle hendingar. Vi har jamleg gjeve laga rådgjeving i samband med mellom anna søknadsskriving, søknad om medlemskap i FolkOrg, rekruttering, og om lovar og reglar kring drift av spel- og dansarlag med meir. Ved å vere ute på arrangement og tilstellingar og møte medlemmene fysisk ser vi at det blir enklare for medlemmene å ta kontakt når dei treng hjelp. Det er etter kvart mange lag som tek kontakt når dei treng hjelp.

### Årets lokallag

Prisen til årets lokallag vart delt ut for åttande gong i 2019 under Folkelarm i november. I 2019, som i 2018 og i 2017, var kriteriet at prisen skulle gå til eit lag som gjer ein vesentleg innsats for at folkemusikken og folkedansen er synleg i samfunnet, gjerne gjennom samarbeid med ulike institusjonar eller andre organisasjonar, og gjerne på tvers av sjangrar. Dei nominerte laga var Elverum Danselag, Fjelljom Spelemannslag og Trysil-Knut Dans- og Spelmannslag. Vinnaren av prisen på kr 10 000 vart Trysil-Knut Dans- og Spelmannslag.

Trysil-Knut Dans- og Spelmannslag er eit lokallag med lange tradisjonar og sterke røter og vart skipa i 1973. Laget har som formål å bevare og føre vidare folkedansen og folkemusikken i distriktet og jobbar med rekruttering som strekker seg frå dei heilt yngste til dei eldre gjennom ulike danse- og musikkaktivitetar gjennom året. Laget set søkjelys både på dansen, spelet og den vokale folkemusikken frå kommunen og ønskjer å skape ein arena der alle kan få vere ein del av laget, og der alle har noko å bidra med. Trysil-Knut Dans- og Spelmannslag samarbeider med andre lokallag i nærmiljøet, mellom anna med Engerdalsringen og Rendalen spellmannslag, for å skape arenaer og møteplassar i nærområdet. Dei er òg ein del av SPREK!-prosjektet til Hedmark Folkemusikklag, som er eit

danseprosjekt for barn og unge.

### Besøke lokallag og områdelag

FolkOrg har i meldingsåret vore på seks av ti årsmøte i områdelaga. Fleire av årsmøta blir lagde til regionale kappleikar, noko som gjer at ein òg får høve til å treffe mange representantar frå dei ulike lokallaga. Dette har vorte godt motteke på dei ulike arrangementa. Vi har hatt kontakt, både fysisk og pr. telefon og e-post, med mange av lokallaga og områdelaga i organisasjonen. Tema har vore både nye lokallag, rådgjeving om arbeidet i lokallag/områdelag, søknadsskriving og stønadsordningar, interne utfordringar og mykje meir.

### Rekrutteringsprosjekt

I desember 2016 fekk FolkOrg ei gåve frå DextraMusica til eit treårig rekrutteringsprosjekt. Tildelinga i 2017 var på kr 700 000. I 2018 fekk FolkOrg utvida gáva til 2020. Vi fekk til saman kr 3 200 000 kr frå 2018 til 2020. Frå 2019 til 2020 gjev Dextra Musica og FolkOrg stønad til desse prosjekta:

- Bølingen (Akershus, Oslo og omegn)
- FolkemusikkUNG (Valdres)
- FolkRekrutt (Gudbrandsdalen)
- Fuglen (Rogaland)
- Arvtagerne (Lakselv/Porsanger)
- Morgondagens spelemenn (Bergen)
- Nøringen (Voss/Hardanger)
- Raudan Gull (Møre og Romsdal)
- Ung Halling (Hallingdal)
- TØFT (Sogn og Fjordane)
- SPREK! (Hedmark)
- Spelemannslaget Laust & Fast (Skaun, Orkanger og omegn)
- Kulturverkstad:FOLK (Målselv)
- Kulturverksted Buskerud
- Gorrlaus (Setesdal)

Under Folkelarm vart det arrangert seminar om rekruttering. Her møttest mange representantar frå dei ulike prosjekta, i tillegg til andre interesserte.

## TILSKOTSORDNINGAR

### Momskompensasjon

Lokallag, områdelag og aksjeselskap kan søkje momskompensasjon gjennom FolkOrg, og i 2019 fekk FolkOrg inn 54 søknader (utanom sentralleddet). FolkOrg sende ein samla søknad med godkjende driftsutgifter på kr 24 966 556,- (inkludert sentralleddet). Utført avkorting av det godkjende søknadsbeløpet var i år 18,1 % for alle ledd som inngår i søknaden. Etter avkorting fekk FolkOrg (sentralleddet) momskompensasjon på kr 525 833, Valdres folkemusikkarrangement AS kr 245 085, områdelaga (8 lag) kr 111 010, og lokallaga (45 lag) kr 377 180. Til saman var kompensasjonen på kr 1 747 298 (inkl. sentralleddet).

### Danseaktivitet

Under særskilde satsingar i perioden 2017–2019 i FolkOrgs langtidspan står det mellom anna at «vi skal samarbeide med laga om å få opp talet på dansefestar». Gåvemidlar frå Dextra Musica gjev høve til å søkje om gåveforsterkingsmidlar frå Kulturdepartementet, noko FolkOrg har fått innvilga, og delar av desse midlane blir delte ut som tilskot til gode danseaktivitetar. Midlane skal gå til kreative og gode tiltak som fremjar den sosiale dansen, og døme på slik tiltak kan vere dansekurs og dansefestar.

FolkOrg fekk i meldingsåret inn 11 søknader om stønad til ulike typar danseaktivitet, og alle fekk innvilga søknaden. Det vart delt ut totalt kr 100 000 i stønad til danseaktivitet.

→ Oversikt over prosjekt som fekk stønad, ligg ved denne årsmeldinga.

### Frifond organisasjon

I 2019 fekk FolkOrg tilsegn om kr 541 780 til utdeling gjennom Frifond organisasjon frå Norsk musikkråd. Det var om lag 1300 kr meir enn i fjor. Det kom inn 27 søknader med søknadssum på til saman 991 480 kr. 19 av søknadene fekk tilskot frå Frifond. Ved ein feil vart sju av søknadene ikkje handsama. Det vart ikkje oppdaga før tilskota var betalte ut til dei andre. FolkOrg har arbeidd for å finne ein kompensasjon for desse.

→ Liste over mottakarar av tilskot frå Frifond ligg ved denne årsmeldinga.

### Rekrutteringsstøtte

Gjennom FolkOrg si stønadsordning for rekruttering blir det årleg delt ut pengar til særskilde tiltak som kan fremme rekruttering i lokallaga. Søkjarar kan vere lokal- og områdelag som er medlemmer i FolkOrg, eller andre som arbeider aktivt for rekruttering til laga.

Det vart delt ut totalt kr 100 000. 17 av 41 søknader fekk stønad.

→ Liste over mottakarar av tilskot frå rekrutteringsstøtta ligg ved denne årsmeldinga.



## ARRANGØRUTVIKLING

### Informasjon og rådgjeving

Gjennom nettstaden folkorg.no, e-post og Facebook-sida har FolkOrg i meldingsåret formidla aktuell og relevant informasjon til folkemusikkarrangørane.

FolkOrg arrangerte nettverksmøte for folkemusikkarrangørar under Folkelarm 2019.

Eitt tema var korleis ein kan formalisere at arrangørar kan bli medlemmer i FolkOrg, noko vi ser som eit viktig ledd i arbeidet vi gjer for folkemusikkarrangørane, og noko som er spesielt nyttig for dei små heilårsarrangørane.

Referansegruppa i 2019 var Ellen Persvold (Jørn Hilme-stemnet), Per Idar Almås (Førdefestivalen) og Ranveig Aas (TrondheimFOLK). Desse vart attvalde til 2020.

### Årets folkemusikkarrangør

FolkOrg delte i 2019 ut prisen «Årets folkemusikkarrangør» for åttande gong. Kriterium for valet er mellom anna at «FolkOrg vil gje prisen for årets folkemusikkarrangør 2019 til ein arrangør som har evne til å skape interesse og entusiasme for dansen og musikken, gjennom gode arrangement». Dei nominerte arrangørane var Heme dine, Osafestivalen og Storefjelltreffen. Osafestivalen gjekk av med sigeren og fekk utdelt prisen på kr 10 000 under prisutdelinga på Folkelarm i november.

Osafestivalen har opparbeidd seg ein solid og profesjonell posisjon både på Voss, i regionen og også nasjonalt. Festivalen skal vere ein nyskapande møteplass for tradisjons- og samtidsuttrykk og har fast tilhaldsstad på Ole Bull Akademiet på Voss. I tillegg til festivalen har Osafestivalen heilårsscena Osascena og barne- og ungdomssatsinga UngOsa. I dette arbeidet har dei synt evne til fornying gjennom nye samarbeidspartar, nye måtar å tenkje programmering på og nye måtar å nå publikum i ulike aldersgrupper.

### Deltaking på festivalar, arrangement og reginale bransjetreff

Leiinga i FolkOrg har som mål å få med seg nokre norske folkemusikk- og folkedansfestivalar og folkemusikkarrangement kvart år. Representantar frå styre og administrasjon har vore til stades på fleire festivalar, arrangement og konferansar, og friviljugfestar. Vi skulle gjerne ha vore representerte på endå fleire festivalar, bransjetreff og liknande, men har ikkje kapasitet til å dra på så mange som vi ønskjer.

### Arrangørforum

FolkOrg er ein av samarbeidspartane i Arrangørforum. Dei andre partane er Norsk jazzforum, Norske Konsertarrangørar, Norske festivaler, Norsk Viseforum, Norsk Bluesunion, Klassisk, nyMusikk og Norsk Kulturhusnettverk. Arrangørforum samarbeider om kulturpolitisk påverknadsarbeid på arrangørfeltet og driv kompetansedeling. Arrangørforum har hatt fleire møte i 2019, og i desember 2019 vart «Nasjonal arrangørstatistikk 2018» ferdigstilt. Dette er ein rapport om festivalar og heilårsarrangørar i Noreg. Han tek for seg til dømes organisasjonsform, økonomi, aktivitet, kjønnsfordeling, frivilligheit, publikum etc. Denne rapporten er ein reiskap som gjer det enklare for medlemmene i forumet å samanlikne tal og hente ut statistikkar.



## UTØVARUTVIKLING

Det har vore lagt vekt på å gje kontinuerleg informasjon om relevante kurs og søknadsfristar for feltet, og på oppfølging av viktige kulturpolitiske saker.

### Gruppa for yrkesutøvarar

Registeret for medlemmer i FolkOrg som reknar seg som yrkesutøvarar, tel 196 betalande personar pr. 31.12.2019. Det er fire færre enn året før. Det er frivillig å melde seg inn i registeret, og med yrkesutøvar meiner ein utøvarar som har inntekt av folkemusikk og/eller folkedans. Pedagogar innanfor feltet og instrumentmakarar blir rekna som yrkesutøvarar i FolkOrg, i tillegg til dei som lever av musikk- og danseutøving.

### Seminar på Folkelarm 2019

Folkelarm inneheldt ei rekke seminar retta mot folkemusikkutøvarar. Fleire av desse var saman med folkemusikkarrangørane. Dessutan la vi til rette for møteplassar mellom utøvarar og delegatar på Folkelarm. Det var mellom 10 og 50 på kvart seminar.

→ *Komplett liste over seminara på Folkelarm 2019 ligg ved denne årsmeldinga.*

### Kontakt via sosiale medium

FolkOrg driv forumet Yrkesutøvarar i FolkOrg for diskusjon og informasjon på Facebook. Vi driv òg eit tilsvarande forum for kulturskulelærarar innanfor folkemusikk og folkedans.

### Fagutvalet for yrkesutøvarar

Fagutvalet for yrkesutøvarar hadde eit fysisk møte i 2019 og nokre møte via Skype. Medlemmene var tilgjengelege for rådgjeving og diskusjonar med styret og administrasjonen både via Skype, telefon og e-post. Fagutvalet for yrkesutøvarar er no Martin Myhr, Britt Pernille Frøholm og Ingebjørg Lognvik Reinholdt.

### Anna arbeid

Administrasjonen har delteke på seminar på mellom anna by:Larm, Nordic Folk Alliance, Northern Folk Expo og WOMEX for å halde seg oppdatert på tema som er relevante for utøvarane. Administrasjonen er representert i juryen for tildeling av hardingfeler gjennom Dextra Musica.



## KAPPLEIKAR OG FESTIVALAR

### Landskappleiken i Vågå 26.–30. juni 2019

Landskappleiken 2019 vart arrangert i Vågå frå 26. til 30. juni, med Vågå Spel- og Dansarlag som lokal arrangør. Førre gong Landskappleiken vart arrangert i Vågå, var i 2016, og kappleiken bar preg av rutinerde arrangørar.

#### Deltaking

Landskappleiken i Vågå hadde rekordhøg deltaking, med 1670 deltakingar fordelte på 532 startnummer.

#### Vinnarar

Kongepokalen vart i 2019 sett opp i klassen for spel hardingfele. Vinnaren vart Alexander Røystrand frå Hardanger Spelemannslag.

→ *Komplett liste med vinnarar på Landskappleiken 2019 ligg ved denne årsmeldinga.*

#### Fureprisen 2018

Elisabeth og Knut Fures stiftelse til fremjing av klassisk musikk og norsk tradisjonsmusikk har sidan 2010 delt ut prisar til unge folkemusikarar i Noreg. FolkOrg har i denne perioden søkt om fleire forlengingar og har fått innvilga ordninga til og med Landskappleiken 2019. Hovudprisen frå Furestiftelsen har vore 50 000 kr. Prisen skal gå til den beste utøvaren i klassane for spel og vokal under 25 år. Tre finalistar vart plukka ut under tevlingane, og vinnaren vart kåra under finalen på meisterkonserten søndag ettermiddag.

Kriteria for å vinne Fureprisen er at utøvaren må syne eit høgt ferdigheitsnivå. Kravet om høg kvalitet kan gjere at prisen ikkje blir delt ut kvart år. Prisvinnaren skal vere ein vanleg deltakar på Landskappleiken under 25 år.

Vinnaren av Fureprisen 2019 vart hardingfelespelaren Helga Myhr.

Vinnarane i C-klassane/juniorklassane i spel og vokal kunne vinne Fure-stipend på 10 000 kr. FolkOrg sette opp same pris for vinnarane i C-klassane i dans.

#### Gnistprisen 2019

Gnistprisen er oppretta av firmaet EFH Holding v/ Eva Fischer og skal gå til eit lag som jobbar særst godt med både nivå og læringsmiljø for born og unge som dansar folkedans. I 2019 vart prisen delt ut for tredje gong. Prisen på 15 000 kr gjekk til FolkemusikkUNG i Valdres.

#### Dronningbesøk

Hennar Majestet Dronning Sonja vitja Landskappleiken 2019 under Meisterkonserten søndag 30. juni. Dronning Sonja er høg beskyttar av FolkOrg. Ordninga fungerer som ei verdsettning av organisasjonar og arrangement innanfor viktige område i samfunnslivet. Dronningbesøket vart høgt verdsett fordi det er av stor betydning at dronninga gjev folkemusikken og -dansen denne merksemda.

#### Kort evaluering av Landskappleiken

Landskappleiken i Vågå vart eit godt gjennomført arrangement, med ein erfaren hovudkomité og leiar Kjærsti Gangsø i spissen. Kappleiken vart formelt opna av statssekretær Frida Blomgren.

Tevlingane vart gjennomførte i Vågå kulturhus og Vågåhallen. Arrangementet hadde ein kompakt kappleiksarena, med tevlingsarenaer, mattelt, stemnekontor, camping og andre overnattingsmoglegheiter innanfor kort gangavstand. Det var lagt opp til eit rikt kulturprogram med opningskonsert i Vågåhallen, avduking av Ole Bull-statuet, fleire cd-slepp, sjokoladekappleik, kvedarkrok og kyrkjekonsert. Fredag kveld gjekk Vågåkvelden 2019 av staben med tingingverket «Han var hoga heim».

Laurdag kveld var det finale i spel hardingfele A, spel fele A og vokal A. Kappleiken vart avslutta

med meisterkonserten søndag. Her vart dei siste vinnarane kunngjorde, og Sondre Bratland og Ola Grøslund vart utnemnde til nye heidersmedlemmer i FolkOrg.

560 dugnadsfolk stilte opp, og fleire tusen dugnadstimar vart lagde ned for å gjennomføre arrangementet. Landskappleiken hadde eit økonomisk overskot på 800 000 kr.

## Landsfestivalen i gammaldansmusikk i Skjåk 1.-5.august

*Landsfestivalen i gammaldansmusikk vart arrangert i Kinsarvik 7.-11. august, med Hardanger Spelemannslag som lokal arrangør. Dette var første gongen Landsfestivalen vart arrangert i Hordaland.*

### Deltaking

Landsfestivalen i Kinsarvik hadde 644 deltakingar, fordelt på 172 startnummer. I år som i fjor var pardans senior den største klassen, med 30 startnummer.

→ *Komplett liste med vinnarar ligg ved denne årsmeldinga.*

Festivalarenaen var den nybygde Fjordhallen. Med overnattingsstilbod i kort avstand frå tevlingsarenaen bar festivalen preg av å vere eit kompakt arrangement. Dansen på kveldane føregjekk i hallen og i gymnastikksalen på skulen.

Landsfestivalen hadde eit omfattande kulturprogram. Onsdagskvelden starta med kvedarkonsert i Kinsarvik kyrkje med utøvarar frå Hardanger og Voss. Opningskonserten «Blomen» vart halden torsdagen. Besøkjande kunne også oppleve folkemusikkmesse og fire konsertar om ulike sider av folkemusikktradisjonen i Hardanger. For dei yngste

vart det arrangert fleire danse- og leikestunder, i tillegg til sjokoladefestival.

### Kort evaluering av Landsfestivalen

Landsfestivalen i Kinsarvik vart eit godt og vellukka arrangement, som hausta mykje godord frå besøkjande. I alt 310 dugnadsfolk hjelpte til. Deltakartalet var noko lågare enn i 2018, men heldt same nivå som dei seinare åra. Det var finalespel i ni klassar. Nytt av året var at lokal arrangør sette opp skjerm bak på scena med informasjon om utøveren/utøvarane som spelte. Interesse for å spele til dans var stor, og arrangøren enda med å redusere speløktene for å gi plass til alle som ynskte å vere med. Inspirert av Landsfestivalen i Skjåk i 2018 sette arrangøren opp fleire separate buskspeltelt. Med det gode vêret som var, vart desse telta mykje brukte både natt og dag.

Festivalen fekk eit økonomisk resultat på 400 000 kr i overskot.



## Revidering av tevlingsreglement

I 2019 gjorde styret endringar i tevlingsreglementet på bakgrunn av innspel som kom inn til styret. Endringane er som følger:

### Landsfestivalen i gammaldansmusikk

- Under Landsfestivalen spelar ein den eldste gammaldansmusikken frå eit tradisjonsområde innanfor den avgrensinga som er gjeven i kap. 5. Det skal spelast dansbar musikk.
- Pardans senior: Det er ikkje høve til å danse med følge, eller å delta to gonger.
- Maksimal poengsum for dansarar på Landsfestivalen har vore 60 poeng, men er no endra til 100 poeng, som på alle andre tevlingar på landsfestival og landskappleik.

### Landskappleiken

- Styret i FolkOrg bestemmer kva for klassar det skal vere finalar i på Landskappleiken. Finalane rullerer mellom alle seniorklassar.

## Dommarseminar på Lillehammer

Dommarseminar i dans, spel og vokal vart arrangert på Lillehammer 27.–29. september 2019. FolkOrg arrangerte seminaret i samarbeid med Gudbrandsdalen Folkemusikklag. Etter at påmeldingsfrista gjekk ut, var det berre ein deltakar påmeldt til vokalseminaret, og vi valde difor å avlyse dette seminaret. Det var til saman 31 deltakarar på seminara i dans og spel, med 17 deltakarar på spel og 14 deltakarar på dans. Dei fleste av deltakarane kom frå Gudbrandsdalen og andre stader i Oppland, men det var òg deltakarar frå både Hallingdal, Telemark, Hedmark og Sogn og Fjordane. Innleiarane på seminara var Tom Willy Rustad og Rikke van

Ommeren på spel, og Siri Mæland og Tor Stallvik på dans.

Seminarhelga byrja med ei felles økt for alle deltakarane ved styreleiar i FolkOrg, Hilde Reitan, medan seminara gjekk parallelt resten av helga. Felles stikkord for innhaldet på seminara er tevlingsreglement, dommarskjema, tolking av relevante omgrep, dømning på «prøve-kappleik», diskusjonar og refleksjon.

Laurdag kveld var det konsert med Camilla Granlien, Margrete Nordmoen, Annar By og Niels Røine for alle deltakarane på kurset.



## Folkelarm

Riksscenen, Oslo | 14.–16. november

Folkelarm er Nordens største bransjetreff for folkemusikk og folkedans. Arrangementet er bygt kring showcasekonsertar på kveldane og seminar på dagtid. I tillegg til showcasekonsertar hadde vi ei akustisk scene i lavvoen, NRK Folk:LAB, og Balladepodden.

Vi samarbeidde også i 2019 med Laget for Folkemusikk om å halde oslokappleik samstundes med Folkelarm, noko som synest å vere positivt for båe partar. Det var god oppslutning kring Oslokappleiken både når det gjeld talet på deltakarar og publikum.

NRK tok liveopptak med publikum frå Folkelarm. Dei har hatt konseptet Folk:LAB i fleire år no, der dei vel ut artistar frå Folkelarm-programmet til minikonsertar og intervju. Programma har vore sende på P2 i etterkant.

Noreg var gjesteland under bokmessa i Frankfurt i 2019. Det passa godt med det mangeårige søkjelyset vi har hatt på den tyske marknaden. Vi fekk tilskot frå Music Norway, som har teke over denne ordninga frå UD. Saman kunne vi invitere og dekke kostnadene for 14 internasjonale delegatar. I tillegg kom det fleire på eige initiativ og etter invitasjonar frå oss. Vi hadde besøk av delegatar frå Sverige, Danmark, Tyskland, Belgia, Polen, Spania, Finland og Noreg. Det kom fleire delegatar frå inn- og utland enn tidlegare, og publikumsbesøket var svært godt.

Besøkstalet i 2019 er litt lågare enn det vi hadde i 2018, då vi hadde Meisterkonserten, men likevel høgare enn i 2017, som er det mest naturlege året å samanlikne med. Vi har diverre ikkje tal på selde delegatpass for 2016 og 2017, men det vi ser av desse tala, er at Folkelarm har vorte eit stabilt og godt arrangement som klarer å stå på eigne bein. Dei tre siste åra har vi lagt litt meir vekt på dansefest i tillegg til det tradisjonelle Folkelarm-programmet med konsertar og seminar. Dette meiner vi er ei av årsakene til at publikumstalet var betre i 2019

enn i 2017, sjølv om det ikkje var meisterkonsert i Operaen. Det at vi ønskjer å knyte saman heile folkemusikkmiljøet og gje alle kjensle av å vere velkomne på Folkelarm, er eit suksesskriterium for framtida.

Folkelarm inneheldt ei rekke seminar retta mot folkemusikkutøvarar. Fleire av desse var saman med folkemusikkarrangørane. Dessutan la vi til rette for møteplassar mellom utøvarar og delegatar på Folkelarm.

→ *Liste over Folkelarm-artistar og seminarprogrammet ligg ved denne årsmeldinga.*

### Folkelarm-prisen

For 14. gong vart Folkelarm-prisen delt ut. Folkelarmprisen var eigen post på programmet med høgtidlege talar og musikkinnslag. Prisen vart delt ut i kategoriane dokumentasjon, solo, tradisjonelt samspel og open klasse, i tillegg til prisen for årets folkemusikar. Prisen for årets folkemusikar gjekk til Bjørn Kåre Odde.

→ *Liste over vinnarar er lagd ved denne årsmeldinga.*



## INFORMASJON

### Generelt om informasjonsarbeidet

Alle som arbeider i FolkOrg, arbeider også med informasjon på ein eller annan måte. Alle rådgjevarane i FolkOrg har ansvar for å formidle informasjon frå sine arbeidsfelt både internt og eksternt.

Det er i hovudsak informasjonsrådgjevaren som har informasjon som særskilt arbeidsområde. Informasjonsrådgjevaren arbeider med utviklinga av organisasjonsarbeidet generelt og har særleg søkjelys på dei arrangementa vi har. Vidare arbeider ho kontinuerleg med nettsidene våre og oppdateringar i sosiale medium. Sentralt i meldingsåret var informasjons- og pressearbeid knytt til Landskappleiken, Landsfestivalen i gammaldansmusikk og Folkelarm. I alle prosjekta har informasjonsarbeidet bestått av oppdatering og utvikling av heimesider, fotografering, oppdatering av appar, grafisk formgjeving, utvikling av grafiske profilar, rådgjeving til lokale arrangørar og anna presse- og informasjonsarbeid. Vi har i tillegg leigd inn noko ekstrahjelp i samband med arrangementa våre for å kunne arbeide godt med informasjon og fotografering.

### Folkorg.no

I 2019 hadde folkorg.no 80 745 sidevisingar i 39 363 økter. Det var 22 600 unike brukarar. Lesarane finn i hovudsak fram til folkorg.no på desse måtane: Om lag 20 % kjem til folkorg.no via dei sosiale media våre, og her er det berre nokre få prosent som ikkje kjem frå facebookside vår. Vi nyttar facebookside til FolkOrg aktivt ved å dele saker som er lagde ut på www.folkorg.no, og dette genererer trafikk. 45 % finn nettsida vår via lenkjer på andre nettstader, i hovudsak via våre eigne sider som landskappleiken.no og folkemusikk.no. 26 % av brukarane kjem til folkorg.no via søkjemotorar, og dei resterande brukarane går direkte inn på folkorg.no og andre mindre kanalar.

Alle nettsidene vi driftar:

[www.folkorg.no](http://www.folkorg.no)

[www.folkemusikk.no](http://www.folkemusikk.no)

[www.landskappleiken.no](http://www.landskappleiken.no)

[www.landsfestivalen.no](http://www.landsfestivalen.no)

[www.folkelarm.no](http://www.folkelarm.no)

### Sosiale medium

Vi har FolkOrg-brukarar på sosiale medium og har no sider på Facebook (3306 følgjarar), Twitter (447 følgjarar) og Instagram (1262 følgjarar).

Vi har òg tilsvarende kontoar for Folkemusikk, Landskappleiken, Landsfestivalen i gammaldansmusikk, Folkelarm og Slåttify. Vi samarbeider med lokal arrangør om å oppdatere kontoane for Landskappleiken og Landsfestivalen.

## Folkemusikk (magasinet)

*Det er FolkOrg – Organisasjon for folkemusikk og folkedans som eig og gjev ut magasinet Folkemusikk. Redaktøren arbeider etter Ver Varsam-plakaten og Redaktørplakaten. Magasinet er medlem av Norsk tidsskriftforening og Fagpressen, og redaktøren er medlem av Norsk redaktørforening.*

### Redaksjonell profil

Folkemusikk er i dag det einaste nasjonale fagbladet i Noreg for folkemusikk og folkedans. Magasinet er ein viktig premissgjevar for formidlinga av folkemusikk og folkedans – innanfor folkemusikkmiljøet og overfor andre miljø. Bladet blir lese av musikk- og kulturinteresserte over heile landet og har ein sterk posisjon i dei kulturpolitiske og musikkfaglege miljøa i landet, ikkje minst i institusjonane som gjev musikkutdanning.

Audun Stokke Hole har vore redaktør sidan oktober 2014. Han har kontor på Hammersborg torg i Oslo, der heile FolkOrg-administrasjonen held til. Tekstar i bladet er på begge målformer, og litt over halvparten av tekstane i 2019 var på nynorsk. Tekstane blir språkvaska av Aud Søyland, medredaktør for Nynorsk ordliste.

### Redaksjonsråd og satsingar

Redaktøren har eit redaksjonsråd som bidreg til det redaksjonelle arbeidet. Ved utgangen av 2019 består redaksjonsrådet av Audun Grüner-Hegge, Ragnhild Knudsen, Sigrid Randers-Pehrson og Jostein Aardal. Rådet og redaktøren har hatt to fysiske møte og to nettmøte i 2019.

Folkemusikk- og folkedanskritikk har vore ei stor satsing i 2019, med midlar øyremerkte kritikk både frå Fritt Ord og Norsk kulturfond (Kulturrådet). Magasinet har òg hatt to seminar i 2019: «Tradisjonskunst og kritikk» (Rauland internasjonale vinterfestival, 14. februar) og «Spelemenn og små, fine jenter», om korleis tevlaras av ulike kjønn blir omtalte på Landskappleiken (Folkelarm, 15. november). Ei siste satsing i 2019 har vore folkemusikkpodkast; første sesong er i stor grad ferdigstilt og blir lansert våren 2020.

### Distribusjon

Folkemusikk er å få kjøpt på utvalde Narvesen-utsal, men er i hovudsak eit abonnementsblad. Ved utgangen av 2019 hadde bladet Folkemusikk 1613 abonnentar, ein nedgang på 49 frå førre årsskifte. Av abonnentane var 246 registrerte som gratisabonnentar, medan 411 blad gjekk til bibliotek som del av Norsk kulturråds innkjøpsordning for kulturtidsskrift. 655 abonnentar var medlemmer av FolkOrg.

### Økonomi

Folkemusikk fekk i 2019 økonomisk stønad frå eigaren, i tillegg til produksjons- og distribusjonsstønad frå Norsk kulturfond (Kulturrådet) og mindre midlar frå Fritt Ord og Norsk senter for folkemusikk og folkedans. Inntekter frå abonnementssal og annonsar er dei to andre økonomiske beina magasinet står på.

Annonseinntektene var i 2019 kr 237 000, ein nedgang på kr 43 000 frå året før. Om lag 90 % av annonseinntektene kjem frå papirmagasinet, resten frå nettsida.

### Samarbeid med Polinor

Folkemusikk er sidan 2019 totalkunde hos Polinor i Drammen. Polinor sel annonsar på provisjon for Folkemusikk, og dei står for formgiving av alle utgåver av magasinet. Magasinet blir trykt hos trykkeri Polinor har avtale med i Polen og Baltikum. Polinor ordnar òg med distribusjon til rabattert pris gjennom Bring.

### Folkemusikk.no - nettstaden

Redaktøren for Folkemusikk oppdaterer også nettstaden folkemusikk.no. I 2019 hadde nettsida 47 000 sidevisningar i 31 500 økter, ein nedgang på 12 % frå året før. Talet på unike brukarar var 21 300, ein nedgang på 5 %.

Om lag 55 % av brukarane kom til folkemusikk.no frå søk i søkjemotorar, og 12,5 % kom frå lenker i sosiale medium, medan nær 30 % gjekk direkte inn på folkemusikk.no. Desse tala er nokså stabile frå år til år.

Av besøka på folkemusikk.no i 2019 kom tre firedelar frå Noreg, 15 % frå USA og drygt 2 % frå Sverige. Resten kjem frå andre land.

Dei ti mest besøkte artiklane på folkemusikk.no i 2018:

1. Ytring: Folkedans i skolen (artikkel frå 2018)
2. Meldt: Marja Mortensson – Møjhtestasse (artikkel frå 2018)
3. Om å skrive sangtekster på hedmarksdialekt (artikkel frå 2017)
4. Kongens forteneestmedalje til Dag Vårdal
5. Yngste greina på Buen-stammen: Per Anders Buen Garnås (artikkel frå 2015)
6. «Klanetspiller og hoboist»: Folkemusikken og militærvesenet
7. Meldt: Gunnar Stubseid – Legendariske hardingfeler
8. Heime hos Geir Egil, Einar Olav og Gjermund Larsen (artikkel frå 2015)
9. Meldt: Trygve K. Vågen – På Møsstrand
10. Kunsten å lytte til musikk: Ben Ratliff i New York

### Sosiale medium

Ved utgangen av 2018 hadde Facebook-sida til folkemusikk.no drygt 6000 likes, ein auke på om lag hundre frå året før. Facebook er det viktigaste sosiale mediet til Folkemusikk og blir oppdatert to–tre gonger i veka. I tillegg har Folkemusikk ein Instagram-konto, som blir oppdatert meir sporadisk.

## LANDSKAPPLEIKEN 2019

### Vinnarar

#### Vokal

- A: Mari Midtli, Sel og Otta Spel- og dansarlag  
B: Lars Rysstad Nordgreen, Setesdal Spelemannslag  
C: Malin Røysland Skårberg, Tinn Spelemannslag  
D: Veslemøy Fjerdingsstad, Kongsberg Spel- og dansarlag

#### Durspel

- Junior: Siri Nordgård, Voss Spelemannslag  
Senior: Kristoffer Kleiveland, Osterøy Spel- og dansarlag

#### Spel hardingfele

- A: Alexander Røynstrand, Hardanger Spelemannslag  
B: Staffan Jonsson, Hemsedal Spelemannslag  
C: Cecilie Skrindo, Ål spel- og dansarlag  
D: Arne M. Sølvberg, Spelemannslaget Fjelljom

#### Spel fele

- A: Aslak O. Brimi, Lom Spel- og dansarlag  
B: Kristin Kolden, Lom Spel- og dansarlag  
C: Marius Westling, Østerdølenes Spellmannslag  
D: Arne M. Sølvberg, Spelemannslaget Fjelljom

#### Dans hardingfele

- A: Ingebjørg Bratheim Bø og Ola Narverud, Bø dansarring og Småjondølenes dansarlag  
B: Knut Aastad Bråten og Bergljot Hedda Lunde, Vårflaumen Spel- og dansarlag og Etnedal spel- og dansarlag  
C: Gjertrud Raftevoid Rue, Seljord Folkemusikklag  
D: Kristian Hanto og Borghild Hardang-Hanto, Nes Nasjonale Dansarring

#### Dans fele

- A: Solveig Brekke Hauknes og Ole Nilssen, #Hedmark  
B: Rita Sirirud Vatnehol og Svein Are Sirirud Vatnehol, FolkOrg og Ålesund Spelemannslag  
C: Dorte Nilssen og Marius Westling, #Hedmark  
D: Randi Gullikstad, Røros Folkedanslag

#### Halling

- A: Torkjell Lunde Børsheim, Hardanger Spelemannslag  
B: Håkon Håvelsrud Odden, Vårflaumen spel- og dansarlag  
C: Vilde Ellegaard Westeng, Gransherad Spel- og dansarlag, Småjondølenes dansarlag  
D: Rolf Bjørgan, Vågå spel- og dansarlag

#### Open klasse

- Ottar Kåsa og Mattis Kleppen

#### Andre eldre folkemusikkinstrument

- Senior: Bendik Smedåsgjelten Qvam

#### Fløyte

- Senior: Birgit Kollandsrud Friis, Numedal Spel- og dansarlag

#### Munnharpe

- Junior: Ånund Meberg Myhren, BULder og Brak, FolkOrg  
Senior: Kenneth Lien, Gjøvik Spelemannslag

#### Langeleik

- Junior: Andrea Søgner, Gol spel- og dansarlag  
Senior: Knut Aastad Bråten, Vårflaumen spel- og dansarlag

#### Lagspel

- Junior: Hedmark Juniorspelemannslag  
Senior: Heider Spellmannslag

#### Lagdans

- Junior: BULder og Brak, halling  
Senior: Papalooks, halling

#### Grupperpel:

- Junior: WestLia  
Senior: Tufskrøkjun

## VEDLEGG – LISTE OVER DIVERSE TILDELINGAR, VINNARAR O.A.

### Dommarar på Landskappleiken 2019

**Vokal:**

Halvor Håkanes, Hege Nylund, Berit Opheim

**Durspel:**

Anita Aolheim Bråvoll, Stig Nilssen, Inge Gjevre

**Spel hardingfele:**

Anne Hytta, Tore Bolstad, Øystein Velure

**Spel fele:**

Magne Eggen Haugom, Helene Høye, John Oddvar Kandal

**Eldre folkemusikkinstrument:**

Silje Hegg, Marit Steinsrud, Birger Misteregg

**Grupperpel:**

Anne Hytta, Magne Eggen Haugom, John Oddvar Kandal

**Lagspel:**

Tore Bolstad, Helene Høye, Øystein Velure

**Open klasse:**

Birger Misteregg, Hege Nylund, Ingrid Andersen Heieren

**Dans fele:**

Johan Einar Bjerkrem, Ingrid Andresen Heieren, Dagfinn Krogsrud

**Dans hardingfele:**

Tom Løvli, Håkon Dregelid, Anne Røyne

**Lagdans:**

Johan Einar Bjerkrem, Håkon Dregelid, Anne Røyne

**Halling:**

Dagfinn Krogsrud, Silje Onstad Hålien, Tom Løvli

**Super-D:**

Stig Nilssen, John Oddvar Kandal, Berit Opheim

**Hovuddommar for Fureprisen:**

Åshild Vetrhus

### Andre prisar

**Fureprisen:**

Helga Myhr, Ål spel- og dansarlag

**Furestipend**

Spel fele C: Marius Westling, Østerdølenes

Spellmannslag

Spel hardingfele C: Cecilie Skrindo, Ål spel- og dansarlag

Durspel jr.: Siri Nordgård, Voss Spelemannslag

Eldre folk.inst.: Andrea Søgne, Gol spel- og dansarlag

Vokal: Malin Røysland Skårberg, Tinn

Spelemannslag

**FolkOrg-stipend**

Dans fele C: Dorte Nilssen og Marius Westling, #Hedmark

Dans hardingfele C: Gjertrud Raftvold Rue, Seljord Folkemusikklag

Halling C: Vilde Ellegaard Westeng,

Gransherad Spel- og dansarlag og

Småjondølenes dansarlag

**Vinnar av Gnistprisen:**

FolkemusikkUNG, Valdres

## LANDSFESTIVALEN I GAMMALDANSMUSIKK 2019

### Vinnarar

#### Solo andre instrument

Junior: Even Offerdal Bakken, Lom Spel- og dansarlag  
Senior: Øyvind Sandum, Oppdal Spell- og dansarlag

#### Solo durspel

Junior: Even Offerdal Bakken, Lom Spel- og dansarlag  
Senior: Pål Bratås, FolkOrg

#### Solo fele/hardingfele

Junior: Åsmund Farstad, Spelemannslaget Fjelljom  
Senior: Marit Rusten, Mukampen spel- og dansarlag

#### Grupperpel:

Bjørnblakken

#### Samspel

Junior: Stian og Even  
Senior: Rolf Roys

#### Pardans

Junior: Ragnhild Grøna og Aleksander Ødegård  
Senior: Anne Louise Drevdal og Tormod Øvrebø

#### Lagdans:

Onsdagsringen

#### Lagspel fele/hardingfele:

Gamlebanken Spelemannslag

#### Lospel durspel/trekkspele:

Kongsberg Trekkspillklubb

#### Furestipend:

Spel fele/hardingfele jr: Åsmund Arnestad Farstad, Spelemannslaget Fjelljom

### Dommarar på Landsfestivalen i gammaldansmusikk

#### Solo andre instrument:

Ragnhild Stendsrud, Håvard Svendsrud,  
Helene Myklemyr Bolstad

#### Solo durspel:

Willy Rustad, Ingunn Stræte, Nils Øyvind Bergset

#### Solo fele/hardingfele:

Jan Kåre Bjørkås, Britt Pernille Frøholm, Jan Arne Sebuødegård

#### Lagspel fele/hardingfele:

Jan Arne Sebuødegård, Håvard Svendsrud, Britt Pernille Frøholm, Arne Sandum

#### Lagspel durspel/trekkspele:

Nils Øyvind Bergset, Ingunn Stræte, Helene Myklemyr Bolstad, Arne Sandum

#### Grupperpel:

Willy Rustad, Ragnhild Stendsrud, Jan Kåre Bjørkås, Arne Sandum

#### Samspel:

Ragnhild Stendsrud, Nils Øyvind Bergset, Jan Kåre Bjørkås

#### Pardans og lagdans:

Torill Jørgensen, Anbjørg Myhra Bergwitz, Arne Ivar Blankenborg

#### Furestipend:

Thor Hauknes, Kjellbjørn Karsrud

## FOLKELARM 2019

### Folkelarmprisen 2019

#### Vinnarar av Folkelarmprisen 2019:

Kategorien SOLO: Johanne Flottorp for plata *Johanne Flottorp*

Kategorien TRADISJONELT SAMSPEL:

Rydvall/Mjelva for plata *Vårvindar Friska*

Kategorien DOKUMENTASJON: Knut Hamre for plata *Slåttar frå Granvin*

Kategorien OPEN KLASSE: Røine/Warg for plata *Bibopalula*

Årets folkemusikar: Bjørn Kåre Odde

Årets folkemusikkarrangør: Osafestivalen

#### Juryen for Folkelarmprisen 2019 var:

Asgaut Bakken, Sigrid Berg, Karl Seglem, Julie Alapnes og Andreas Fliflet.

### Folkelarmartistar 2019

Helga Myhr (NO), Margrete Nordmoen (NO), Bjørn Kåre Odde og Ole Nilssen (NO), Vrang (NO), Ole Nilssen (NO), Bjørnblakken (NO), Evelina Petrova trio (NO), IMOG (NO), Kajsa Balto (NO), Ingvild Blæsterdalen trio (NO), Kwarts (NO), Ugagn (NO), Valkyrien (NO), Camilla Granlien Band (NO), Javid Asfari Rad trio (NO), Marin & Roswall (SE), Enkel (FI), Nooli (FI), The Nordic Fiddlers Bloc (NO/SE/UK), Bridget Marsden & Leif Ottoson (SE), Svøbsk (DK) og danseframsyninga «Edith» (NO).

#### Juryen for showcase 2019

Unni Løvlid, Mari Skeie Ljones og Kristoffer Kleiveland.

### Seminarprogrammet på Folkelarm 2019

#### Seminar om rekruttering

Det vart gjeve stønad til 15 prosjekt i 2019. Seminardagen vart i hovudsak leia av Viggo Bjørge, med foredrag og workshop om rekrutteringsarbeid. I tillegg fekk dei ein presentasjon av to av dei nyaste prosjekta.

#### Kontordagen 2019

Med delegatpass på Folkelarm fekk du gratis inngang på Kontordagen 2019. Kontordagen føregjekk på Kulturhuset i Oslo og vart arrangert av NOPA, CREO, Gramart, MØST og by:Larm. Endå ein gong vart Kulturhuset i Oslo fylt med musikarar, artistar og låtskrivarar som kunne velje og vrake i minikurs, Q & As, individuelle rettleiingar o.a. Dei fekk mellom anna lære meir om økonomi, trygd og sosiale rettar, karrieremoglegheiter, kontraktar, søknadsskriving og juss for musikarar.

#### NSFF: samarbeid mellom lokallag, museum og arkiv

I lag og organisasjonar finn vi mange eldsjeler, engasjement og drivkrefter! Korleis kan desse drivkreftene samarbeide med lokale folkemusikkarkiv og museum og andre om å få i gang aktivitetar som fremmar, vernar og vidarefører dans og musikk som immateriell kulturarv?

#### Viseseminar

Kva plass har folketonen i norske viser?

Kva for nokre norske særtrekk er å høyre i den norske visemusikken? Dette er spørsmål som dette vesle seminaret søker svar på gjennom foredrag og samtale. Det er mykje som tyder på at innverknaden til folkemusikken er der, og det ville vore fint å kartlegge kva han består i, og kvar han består!

#### Meir klimavennlig konsertproduksjon

Julie Forchhammer var på Folkelarm for å fortelje meir om korleis du enklast reduserer klimaavtrykket til konsertane du jobbar med. Det gjeld både for festivalar, spelestader og dei gongene du arrangerer ein konsert på ein låve, eit fjell, eit kontor eller kvar det no kan vere.

#### Joik, samisk musikk - ein del av norsk folkemusikk?

Seminaret inneheldt ei kort innføring i joik og samisk kultur. Med utgangspunkt i dette vart det drøfta ein del omgrep, der målet var å bli meir bevisst på korleis vi omtaler den samiske musikk-kulturen.

## VEDLEGG – LISTE OVER DIVERSE TILDELINGAR, VINNARAR O.A.

### **Balladepodden: Folkemusikk no!**

Ballade snakka med aktuelle, unge musikarar om framtida for norsk folkemusikk. Det vart ein podkast av det som handlar om Folkelarms rolle som utstillingsvindaug for folkemusikken.

### **Kulturrådet vil ha fleire søknader frå folkemusikkfeltet**

Kulturrådet etterspør søknader med gode prosjekt frå folkemusikkfeltet. Rannveig Sjøvaag og Preben von der Lippe informerte om tilskotsordningar for musikarar til konsertproduksjon, konsertframføring og turnear.

### **SPELEMENN OG SMÅ, FINE JENTER: Om språkbruk, kjønn og presentasjon i folkemusikken**

I reine tal er Folkemusikk-Noreg tilsynelatande i kjønnsbalanse. Likevel kan vi på Landskappleiken oppleve at kvinnelege musikarar og utøvarar uansett alder blir presenterte som «jente», «lita jente» og «fin jente», medan mannlege, uansett alder, blir presenterte som «spelemann». Kva gjer det med musikken og musikarane? Kva er spesielt for folkemusikken, og kva har den/vi felles med samfunnet elles?

**Mellom flytande straumar og knusktørre arkiv: Folkemusikk og digitalisering**  
Digitaliseringa er ein samfunnsmessig overgang som nokon vil seie er like omkalfatrande som industrialiseringa, ikkje

minst i musikkbransjen. Korleis påverkar dette arbeidet med folkemusikk i Noreg? Kva for nokre nye moglegheiter og utfordringar dukkar opp? Foreininga for norske uavhengige plateselskap – FONONO – samla tre sentrale aktørar frå folkemusikkmiljøet for å belyse dette.

### **Eksport av Nordisk Folkemusikk**

12:00 – Tyskland, Birgit Ellinghaus  
13:00 – Polen, Aleksandra Kminikowska  
13:30 – Danmark, Anne Grete Kamilles, Annette Bellaoui og Claus Vittus  
14:00 – Spania, Araceli Tzigane  
14:30 – Belgia, Roger Bouwens  
15:00 – Export ready? – Edvard Olai Brekke  
Værland; samfunnskontakt og PR-rådgivar hos Music Norway.

Delegatane snakka om musikkmarknaden i kvart sitt land, kvar du kan spele, kva du bør tenkje på før du dreg dit, og kva du kan forvente deg. Dei snakka òg litt om festivalen sin, organisasjonen, nettverket eller spelestaden. Sekvensen vart avslutta med eit seminar av Music Norway der dei snakka om kva som blir forventa av deg som musikar for å vere «export ready». Kva treng du på vegen ut? Og når er du eksportklar?

**Nettverksmøte for folkemusikkarrangørar**  
Dette møtet var for medlemmene i nettverket for folkemusikkarrangørar i Noreg.

Det var mellom 10 og 60 på kvart seminar.

## FOLKORG-PRISAR 2019

**Årets lokallag 2019:**  
Trysil-Knut Spell- og dansarlag

**Årets folkemusikkarrangør 2019:**  
Osafestivalen

## MOMSKOMPENSASJON 2019

<b>SENTRALLEDD</b>		Jostedal Spel- og Dansarlag	kr	7 019
FolkOrg	kr 525 833	Kongsberg Spel- og Dansarlag	kr	12 683
<b>AKSJESELSKAP</b>		Leikarringen NOREG BUL Drammen	kr	11 334
Valdres folkemusikkarrangement AS	kr 245 085	Lom Spel- og dansarlag	kr	18 865
<b>REGIONALLEDD</b>		Naustedalen spelemannslag	kr	8 648
Buskerud Folkemusikklag	kr 15 709	Nes Nasjonale Dansarring	kr	5 461
Hedmark Folkemusikklag	kr 10 918	Nes Spel- og dansarlag	kr	1 087
Møte og Romsdal folkemusikklag	kr 9 413	Nordbygda Spel- og Dansarlag	kr	9 683
SAFFA, Samarbeidsorganet for folkedans og folkemusikk i Akershus	kr 12 979	Numedal spel- og dansarlag	kr	4 207
Sogn og Fjordane Folkemusikklag	kr 48 389	Oppdal Spel- og Dansarlag	kr	15 197
Telemark Folkemusikklag	kr 8 681	Os Spelemannslag	kr	974
Trøndelag Folkemusikklag	kr 4 022	Rauma Spelmannslag	kr	7 421
Valdres folkemusikklag	kr 13 878	Seljord folkemusikklag	kr	2 896
<b>LOKALLAG</b>		Skjåk Spel- og Dansarlag	kr	5 395
Asker Spell- og Danselag	kr -	Småjondølen's Danserlag	kr	7 045
Austrheim Musikklag	kr 2 981	Spelemannslaget De Frilynde	kr	3 008
Bygdedanslaget i Bjørgvin	kr 3 475	Spelemannslaget Dâm og Drag	kr	4 306
Bygdedanslaget i Hamar	kr 5 797	Spelemannslaget Fjelljom	kr	8 299
Byneset spellmannslag	kr 7 417	Spelemannslaget Vårlengt	kr	5 941
Bærum Spellemannslag	kr 9 671	Spellmannslaget Leik	kr	3 552
Dovre Folkedanslag	kr -	Søndre Trondhjems Spellmannslag	kr	5 796
Eiker Spellemannslag	kr 11 571	Tingelstadringsen	kr	4 379
Folkedanslaget Sprigar'n	kr 6 521	Trysil-Knut Dans og Spelmannslag	kr	13 917
Furuleiken Spell- og danselag	kr 3 550	Unge Folkemusikere i Oslo	kr	8 919
Gaular Spelemannslag	kr 8 210	Verdal Juniorspelmannslag	kr	40 470
Gjøvik spelmannslag	kr 13 901	Voss Spelemannslag	kr	14 032
Gol spel- og dansarlag	kr 427	Vågå Spel- og dansarlag	kr	33 208
Hyen spelemannslag	kr 318	Østerdølenes Spellmannslag i Oslo	kr	5 178
Hæsjtægg Hedmark (#Hedmark)	kr 7 533	Øystre Slidre spel- og dansarlag	kr	8 941
Indre Sunnfjord Spelemannslag	kr 4 968	<b>Totalt</b>	<b>kr</b>	<b>1 259 108</b>

## FRIFOND ORGANISASJON 2019

Namn	Fordeling		
	Driftsmidler	Prosjektmidlar	Totalt
#Hedmark	kr 9 265	kr 5 000	kr 14 265
Bærum Spellemannslag	kr 18 531	kr 10 000	kr 28 531
Gaular Spelemannslag	kr 20 590		kr 20 590
Gransherad Spel og dansarlag	kr 13 383	kr 22 000	kr 35 383
Hallingdal Låtelag	kr 5 147		kr 5 147
Jostedal Spel- og dansarlag	kr 8 236	kr 10 000	kr 18 236
Kongsberg Spel- og dansarlag	kr 45 298		kr 45 298
Kvemmingen Spel- og dansarlag	kr 6 177		kr 6 177
Lom Spel- og dansarlag	kr 36 032	kr 22 000	kr 58 032
Nes Nasjonale Dansarring	kr 13 383	kr 12 000	kr 25 383
Seljord Folkemusikklag	kr 15 442	kr 5 000	kr 20 442
Småjondølenes dansarlag	kr 27 796	kr 23 000	kr 50 796
Spelemannslaget De frilynde	kr 12 354	kr 15 000	kr 27 354
Spelemannslaget Fjelljom	kr 33 973	kr 15 000	kr 48 973
Søndre Trondhjems Spellmannslag	kr 5 147		kr 5 147
Team Gløstøs	kr 5 147	kr 3 000	kr 8 147
Verdal juniorspellmannslag	kr 26 767	kr 20 000	kr 46 767
Vårflaumen Spel- og dansarlag	kr 18 531	kr 5 000	kr 23 531
Ål spel- og dansarlag	kr 22 649	kr 5 000	kr 27 649
<b>SUM</b>	<b>kr 343 848</b>	<b>kr 172 000</b>	<b>kr 515 848</b>

## FOLKORG SI REKRUTTERINGSTØTTEORDNING 2019

Bø juniorspelemannslag – 5000 kr  
 Elverum Danselag – 4000 kr  
 Engerdalsringen – 4000 kr  
 Folkemusikkarkivet for Rogaland – 5000 kr  
 Gjøvik spelmannslag – 10000 kr  
 Gol/Ål/Geilo/Hemsedal/Nes/Hugnad – 5000 kr  
 Heme Dine – 10000 kr  
 Kongsberg Spel- og Dansarlag – 4000 kr  
 Naustedalen Spelemannslag – 4000 kr

Oppdal spell- og dansarlag – 5000 kr  
 Osterøy spel- og dansarlag – 5000 kr  
 Seljord folkemusikklag – 4000 kr  
 Setesdal spelemannslag – 5000 kr  
 Spelmannslaget i BUL Nidaros – 5000 kr  
 Strunkeveko – 10000 kr  
 Telemark folkemusikklag – 10000 kr  
 Voss spelemannslag – 5000 k

## FOLKEMUSIKK

Folkemusikk 2019 var den 78. årgangen til magasinet. Det blei gitt ut fire nummer av magasinet, i snitt på 105 sider (tre på 104 og eit på 108 sider).

### Innhald i magasinet Folkemusikk 2019

#### Portrett og intervju:

- 1/19: Selma French Bolstad, Ane Carmen Roggen
- 2/19: Øystein Rudi, Sigrid Stubbsveen, Moenje, The Northern Belle
- 3/19: felemakar Harald Lund, Vilde Westeng
- 4/19: Hamid Sakhizada, Ruth Wilhelmine Meyer

#### Reportasjar:

- 1/19: Spelemannslaget Laust & fast, folkemusikkarkiv i Malawi, Folkemusikk i Seattle-området, rørslesporingsteknologi i folkedansen
- 2/19: Fauskivalen, Etnisk Musikkklubb, Erlend Vikens Sastrugi
- 3/19: Graflysingskonsert i Valdres, distriktsmusikarar i Sunnfjord, Pederhusveka, folkemusikk på Roskilde-festivalen
- 4/19: munnspel- og toradarkurs i Trondheim, Guelaguetza-festivalen i Mexico, Oddvar Nygaard-jubileum, bokslepp i Flatdal

#### Spelemannsbiografiar og minneord:

- 1/19: Leiv Mæle, Martinius Jansen
- 2/19: Olav K. Øyaland
- 3/19: Andreas Hægestøyl, Peder Gullikstad
- 4/19: Samuel Hellen, kvinnelege rørosspelmenn

#### Fagtekstar, fagintervju, essays o.l.:

- 1/19: musikkjournalist Ben Ratliff, dansarsteinen på Kvambekkheia, gammaldansquiz
- 2/19: Sffs nye styringsmodell, folkemusikarar i militærvesenet, hardingfela som nasjonalinstrument, sumarquiz
- 3/19: når er ei fele god?, Telemarkfestivalen, Heilo records, Västanå teater, landskappleiksminne, hallingdansande kvinner, stadsmusikantordninga, quiz
- 4/19: mangfald i folkemusikken, kappleikquiz

#### Meldingar i blad:

- 1/19: To festivalar, ei historiebok, ei notebok og seks plater
- 2/19: Ei danseframsyning, to konsertar, tre bøker, eitt plate- og bokverk og seks plater
- 3/19: Ei danseframsyning, to festivalar og elleve plater
- 4/19: To utstillingar, to bøker og 19 plater

### Bidragstatarar i Folkemusikk

**Bidrag i fire nummer:** Bjørn Akسدal, Per Anders Buen Garnås (spaltist), Ånon Egeland, Torkjell Hovland, Gjermund Kolltveit og Arvid Skancke-Knutsen

**Bidrag i tre nummer:** Magnus Andersson, Kjell Bitustøyl, Ida Habbestad, Marianne Lystrup og Vegar Vårdal

**Bidrag i to nummer:** Sigbjørn Apeland, Nils Øyvind Bergset, Johanne Flottorp, Halldis Folkedal, Anders L. Herfoss, Aslaug O. Klausen, Ketil Sandviken, Espen Tørset, Mette Vårdal, Halgrim Øistad, Arne T. Aabø

I tillegg har 19 personar bidrege til eitt nummer kvar i 2019. Totalt har 42 personar bidrege i 2019 i tillegg til redaktøren. Kvinneandelen er 38 %, ein liten oppgang frå 33 % i 2018.

**Fotografar i tre eller fire nummer:** Kjell Bitustøyl, Thor Hauknes, Audun Stokke Hole, Marianne Lystrup, Ketil Sandviken, Knut Utler  
Totalt har 83 personar bidrege med fotografi til Folkemusikk i 2019. I tillegg er det jamleg nytta fotografi frå Spelemannsbladets fotoarkiv, norske aviser, Wikimedia og ulike folkemusikkarkiv, institusjonar og private fotosamlingar.

### Folkemusikk.no

På nettsida blei det i 2019 publisert 32 enkeltsaker, fordelt på 19 meldingar (av desse 14 CD-ar, 4 sceneframsyningar og ei bok), tre meiningsytringar, fire nyhende og reportasjar, ein fotoserie, eit seminarreferat og fire infosaker om nyleg utkomne blad.

## Årsmelding for FolkOrg 2019

Styret i FolkOrg godkjenner årsmelding for 2019

---

Hilde Reitan  
Styreleiar

---

Camilla Granlien  
Nestleiar

---

Thor Hauknes  
Nestleiar

---

Kristian Ihle  
Hanto  
Styremedlem

---

Kjellbjørn  
Karsrud  
Styremedlem

---

Silje Solberg  
Styremedlem

---

Thomas Nilssen  
Styremedlem

---

Linda Dyrnes  
Dagleg leiar



*“Vi vil engasjere medlemmer og publikum gjennom å vise mangfald, eigenart, aktivitet, musikkglede, danseglede, og vere ein livskraftig, moderne kulturorganisasjon med røter i tradisjon”*

*FolkOrg - Organisasjon for folkemusikk og folkedans*